

Uskedalsungdom modell for kjent motehus.

17.09.2015



Johannes Taranger i gårdagens BT

Vi kjenner Johannes Taranger(snart 19) som ein del av den imøtekommande betjeninga på SPAR-butikken her i bygda. Denne veka har den koselege og sindige butikkmedarbeidaren som var ferdig med vidaregåande skule i vår, dukka opp i ei ny rolle, som modell.



Johannes slik vi kjenner han frå SPAR.

Johannes er nemleg plukka ut til å fronta Motehuset Sundt, eit av dei største kjøpesentera i Bergen, i annonsekampanjar. I dag dukka han til dømes opp i ei stor annonse i Bergens Tidende.

Då eg møtte han etter at han hadde gjort unna arbeidsøkta på butikken, spurde eg han korleis dette har gått til.

- Det var vel i juli i fjor det starta, for så vidt. Eg var i Oslo, og då stakk eg innom Heartbreak Models og tok eit par kjappe prøvebilete og så for eg rett ut igjen. Dette trur eg også går an å gjera via internett. Etter det har eg i grunnen ikkje tenkt noko på det, fortel Johannes, og det verkar som han har eit svært så avslappa forhold til det heile.

Dermed var han i samlinga til modellbyrået. Han hadde mest gløymt det heile då telefonen ringte for 2 - 3 veker sidan. Då fekk han vita at han var rette typen som Motehuset Sundt kunne tenkja seg å bruka i ein kampanje. Johannes takka ja til tilbodet.

Eit par dagar seinare fekk han email med informasjon om fotograferinga. Då fekk han tid og stad for oppmøte i Bergen, og program for kva dei skulle gjera den dagen. Sjølve fotograferinga tok 6 timer, men han var ikkje aktiv heile tida. Han veksla med ein annan modell.


- Ca. 2 timer var eg vel i aktivitet, fortel han.

Han synes det var heilt greitt å prøva dette. Det var ei ny oppleveling. Kjekt med så profesjonelle folk.

- Hvis eg skulle bli spurd fleire ganger, vil eg så absolutt vurdera å gjenta det, avluttar Johannes Taranger roleg og sindig som alltid. Ingen kan sei at han har mista bakkekontakten og har drøymt seg langt inni modellstjernhimmelen. Den flotte ungdommen har beina godt planta på jorda.

Nedanfor følgjer nokre bilete av modellen Johannes:





**Your fashion destination**



Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Francisco Munoz Photography, Gunn Mari Moberg og Thor Inge Døssland